

## ÅRSMELDING 2011 VENER AV MJØSVÅGEN

Godkjend av årsmøtet 27.3.2012

Vener av Mjøsvågen har 28 (30) betalende medlemmer, både grunneigarar, brukarar og andre interesserte.

2011 var eit aktivt og godt år for Vener av Mjøsvågen med stor og god aktivitet, ikkje minst med bakgrunn i at me fekk støtte våren 2011 som 3-årig livOGLyst-prosjekt og har kunna halde fram engasjementet av kulturvitar Åse Nilssen som prosjektleiar. Det er Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge som står bak livOGLyst-programmet. I tillegg yter Regionalt næringsfond for Osterfjord støtte til livOGLyst i Hosanger.

Me hadde årsmøte først utpå hausten 2011; 17.10.11. Det har vore 3 **styremøte** etter årsmøtet (31.10.11, 27.2.12 og 23.4.12, det siste rett før årsmøtet). Styret oppnemnde følgjande representantar for Vener av Mjøsvågen i styringsgruppa for **livOGLyst i Hosanger**: Lars Mjøs (leiar) og Veslemøy Gullachsen. Kjell Mjøs er oppnemnd av grendarådet og Jostein Førre av Osterøy kommune. Det har i 2011 vore 3 møte i denne **styringsgruppa**; 3.5., 20.6. og 16.8. Ved det siste møtet var første del av møtet eit dialogmøte med arbeidsgruppa i livOGLyst i Hordaland.

Vener av Mjøsvågen søkte på nyåret 2011 om 3-årig-prosjekt i **livOGLyst** og er svært glade for at me vart tekne opp som 3-årig prosjekt.

Me var heldige som på ny kunne engasjere **Åse Nilssen** som **prosjektleiar**.

For sjølvje livOGLyst-prosjektet er det utarbeidd ein årsrapport pr 1.3.2012 og me viser til denne.

### Sesongopning laurdag 4.juni 2011

Opning av Makakustløypå kl 13.00 i Kossdalen (langs Kossdalsvatnet).

Oppmøte og fellesvandring frå Mjøs

Metallvarefabrikk AS i Hosanger kl 12.30

Galleri Mjøsvågen, Osterøy kunstlag kl 16.00

Kristian Finborud - grafisk trykk

Galleriloftet (kisteverkstaden) kl 16.00

Kvinneklær gjennom 50 år - bruktbuikk/  
salsutstilling ved Bente Holmedal

Sal av redseign ved Solvor Fjellby

Sesongopning i kafeen og treskoverkstaden laurdag  
4. juni 2011 kl 15.00-18.00

Elles i sesongen ope på søndagar kl 15.00 - 18.00

Søndag 19. juni 2011 kl 15.00: Opning av fotoutstilling i kafeen; Lars Persen; "Fotografiske forteljingar"

Søndag 3. juli 2011 kl 15.00: Opning ved Rita Tveiten av utstilling i Galleriet med Jan Erik Willgoth; maleri

Søndag 31. juli 2011 kl 15.00: Opning av utstilling i Galleriet; Tove Veidung - tegning, maleri, skulptur

Laurdag 20. august og søndag 21. august 2011:  
**Mjøsdalsdagar**

LAURDAG 20. august 2011

Fiskekonkurransse kl. 12:00-13:30

Oppmøte på kaien. Premiering for minst, størst og mest fangst! Både frå båt og frå land.

Kunstverkstad med maling for borna kl. 12:00-16:00  
Her kan born i alle aldrar boltre seg med fargar og pensel, og inspirerande rettleiing.

Rebusløp for born, løypa er open frå kl. 14:00  
Løys oppgåver "i full fart".

Mjøsvågen triathlon (for vaksne), start kl. 15:00  
Få med deg start med symjeetappar rundt Mjøsvågen, vekslingar og heia deltakarane inn over målstreken.

Duathlon for borna kl. 15:30  
Springe og sykkeletappe.

Retroloftet 2011- Mannekengoppvisning på kaien kl. 16:30  
Presentasjon av godbitar. Sesongslutt med reduserte prisar!

Mjøsvåg-hestesko-kastemeister 2011  
Konkurransse frå kl. 14:00 Klasse for born, dame og herre.

Mjøsdalen fotballcup 2011. Prestemyra kl. 18:30  
Fotballkamp mellom barnelag og vaksenlag i fin stil, kostyme og verneutstyr.

Ellers frå kl. 12:00  
-"Bondens marknad"  
- Sal av mat

- Konkurransar
  - Galleri Mjøsvågen
  - Treskoverkstad
  - Retroloftet
  - Mjøsvågen kafè, med varm mat i tillegg til vanleg meny!
- Ope frå kl. 12:00 - 18:00

SUNDAG 21. august 2011

Sundagstur i Kossdalen. Oppmøte kl. 13:00 ved Mjøs Metallvarefabrikk AS. Utforsking av Markakunstløypa ispedd litt historikk og lokalhistorie.

Kl. 15.00 opnar aktivitetane i Mjøsvågen: Kafèen, Galleriet, Galleributikken, Treskoverkstad og Retroloftet avsluttar denne sommarsesongen til vakker trekkspelmusikk. Ope til kl 18:00.

Kl. 16:00. Ei lita markering i Kafèen i høve Nasjonal Minnedag for tragedien 22.07.2011.

Retroloftet sel ut resten av varane sine til prisar du vert glad av.

**Skjæringahuset** som vert nytta som Galleri i sommarsesongen, vert resten av året nytta til småentreprenørskap. Else Karin Bysheim, som er kunstnar og kunstterapeut, har ein klasse frå den kommunale kulturskulen der. Cathrine Bysheim, som er gullsmed og kinesolog, og to aktørar som har starta opp med coaching har òg i periodar leigd huset. Else Røsland er godt i gang med si verksemd Matlyst i Mjøsvågen.

**Småbrukarane** Marie Vrålstad og Øystein Hole skal, i tillegg til sau, høner og bier, starta opp med geit og eit ysteri er under bygging. Gardsprodukt for sal vil vera ost og honning. Dei har også eit prosjekt innan friluftsliv og gardsarbeid for skuleelvar frå Osterøy.

Det er flott at Kari L Mjøs og Aksel Mjøs har starta planarbeid for eit **bustadfelt på Hoshovdstølen** med ca 30 bueiningar, sjå [www.hoshovdstolen.no](http://www.hoshovdstolen.no).

Prosjektleiars Åse Nilssen og Cathrine Bysheim deltek på eit fagkurs i **samfunnsentreprenørskap** for ulike aktørar i kommunane i Hordaland og arbeider med Mjøsvågen som prosjektoppgåve.

**Foldar for Mjøsvågen** for 2011 var laga av Siren Bysheim. For sesongen 2012 vert det ei brosjyre i eit større format og på både norsk og engelsk.

Åse Nilssen og Augon Johnsen har saman utarbeidd eit **kart for heile Hosanger og inn til Kossdalen** for å syne attraksjonar og turmoglegheiter.

**Toalettbygget** vårt i Mjøsvågen fungerer godt.

Vener av Mjøsvågen har ei **heimeside**,

**[www.mjoesvagen.no](http://www.mjoesvagen.no)**, som vert oppdatert av Lars Mjøs. Osterøy kunstlag informerer gjennom heimesida **[www.gallerimjoesvagen.no](http://www.gallerimjoesvagen.no)**.

**Facebook** er blitt nytta for å reklamera for Mjøsvågen. Galleri Mjøsvågen har eigen Facebook-profil som vert oppdatert av Siren Bysheim.

**Søknader** som er innvilga (utover livOglyst i Hosanger):  
Kr 5.000 i kulturmidlar frå Osterøy kommune.

Vener av Mjøsvågen har fått ein del god **medieomtale**, m.a:

Bygdanytt 27. mai 2011 «*Borna inntar Markakunst*»

Bygdanytt 7. juni 2011 «*Femti år med kvinnemotar*» om Retro-loftet

Bygdanytt 10. juni 2011 «*Ein sti for auget*» om Markakunst-løypa

Bygdanytt 21. juni 2011 «*Med livet som ramme*» om utstillinga til Lars Persen.

Bygdanytt 23. august 2011 «*Nostalgiske Mjøsaldsdagar*»

BA 24. desember 2011 – «*Dilla på lilla*» om gullsmed Cathrine Bysheim

BT – Hus og hjem 3. febr. 2012 – «*Dette er ei campingvogn*» om gullsmed Cathrine Bysheim

**Styret** har vore slik samansett:

Lars Mjøs, styreleiar

Cathrine Bysheim, nestleiar

Veslemøy Gullachsen, skrivar

Kjell Mjøs

Inge Rune Fanebust

Varamedlemer:

Øystein Hole

Mette Rude

Kari L Mjøs med Aslaug Lønsethagen som reserve

Olga Marie Fanebust har ført **rekneskapen** også i 2011. Frå og med 2012 har Aslaug Lønsethagen teke over kasserarjobben.

Lars Magne Bysheim, **revisor**